

**GARDEN SKORPO**



**LITT OM SKORPO**

**FORTALT AV JOHANNES HAUGE**

**TIL TRYGVE KVIST IRRBORG**

PÅ GARDEN SKORPO LØRDAG 11 AUGUST 2001.  
 JOHANNES OG SIGRID HAUGE FORTELLER TIL  
 TRYGVE KVIST IRRBORG.

--00000--

Det er lørdag ettermiddag på Skorpo. Johannes har vært i Uskedalen med motorbåten sin og hentet Astrid og meg. Nå sitter vi i den lune koselige stuen hos Johannes og Sigrid. Vi snakker sammen om gamle dager, om de som har levet på Skorpo tidligere og mye annet. Johannes og Sigrid er flinke til å fortelle. Sigrid mener at det et er godt å få skrevet ned historien om Skorpo.

- Det var noen munker som bodde her på Skorpo i tidlig tid. Dei dyrka opp marken. Dei var frå Halsnøy Kloster. Så sannsynligvis er vi utætta frå munkar. Men dei som har bodd her har ikkje alltid levd som munkar - ikkje alle då - sier Johannes med et smil.

- På denne garden - Skorpo - har det helt sikkert bodd folk sidan 1794. Det årstalet står innskore på "Rondabeten" i Gamlestova. Men her har budd folk på øya lenge før det. Det hadde stått ei stove her nede - sa Besten. Han kunne hugsa murane - røysane etter den. Dei røysane har Johannes kjøyrt vekk. Bort i siloen.

Vi har vært rundt på tunet og sett på de gamle husene. De ligger fritt og med fin og vid utsikt.

Vi har vært inne i et laftehus som tidligere hadde ljore i taket. I stuen er det fremdeles laftede vegger men det er nå satt inn vindu i taket så lyset faller inn. Før var det røyken som fant vei ut. På en tverrbjelke - bete - nær døren står det innskåret

B 1794 NOS R 1874 LHS.

Huset er altså bygget i 1794 og restaurert i 1874. De som har stått for det kan ha vært

NOS -- NILS O. SKORPEN 1741 (1744) - 1812  
 LHS -- LARS HAKTORSEN SKORPEN 1804 - 1883.

#### KORT OM FAMILJEN.

Far til Johannes heitte Kristoffer Hauge og moren heitte Kari. Ho var fødd Skorpen.

Far til Kristoffer var fra Steinaneset. Det var Haugebesten og Haugebesto i Steinaneset.

Far og mor til Kari heitte Haktor Skorpen og Anna - fødd Fausk.  
 (1884-1971)

Det kommer mer om alle disse etterhvert.

#### OM EIERSKAPET TIL GÅRDEN.

Praten dreier inn på eierforholdet til garden. Det er et litt sårt emne. Gården gikk ut av slekten i året 1827. Grunnen kunne være pengemangel. Med gården fulgte også eierskapet til kirken på Onarheim og den skulle holdes vedlike. Dette ble en stor bør etterhvert for eieren den gang Olav Nilsson (1775-1859).

Så kom det også inn at det var skrevet på obligasjoner og tatt opp lån. Etter bygdeboka likte Olav Nilsson seg litt for godt i godt lag. Gården ble solgt i 1827 til Nils Randulf Bugge og senere (1835) til Michael Langballe.

Vi snakker mye om dette - det ligger hele tiden under i samtalens at dette er noe som er litt tungt og sårt.

### OM HUSA PÅ GARDEN - OG FOLKET.

Av husene på garden er laftestova det eldste. Det er "gamlastovo". Kari bodde i den stova. Før Kari var det Besten og Besto som bodde der. Johannes, faren og moren, dei bodde alle i lag i det same huset.

I det huset der Sigrid og Johannes bor nå - "Buo" - bodde Ingeborg og Martin før. Og Anne Sofie og Olaf. Buo er nesten jamgammal med "Gamlastova" - Karistova.

Mor til Johannes - Kari - bodde i den laftede stova. Buo blei reparert og ombygget i 1930. Det var Besten - Haktor - som sto for det - det var han som fikk Buo panelt. Far til Johannes var med og hjelpte til. Buo er også et gammelt laftehus som senere er blitt panelt innvendig. Her bodde Ingeborg og Martin. Dei hadde då stova og så hadde dei eit lite kjøken oppå lemmen. Der var også eit lite gjesterom. Sonen Olaf låg i stuen - der hadde han sin seng.

Det bodde mange folk på Skorpo tidligere.

Sigrid forteller at når dei hadde besøk på garden var dei gjerne så mange som fjorten stykker samlet. Hyttefolk og fastboende. Alle naboen.

Besto fortalte at det alltid kom mange folk på besøk om sundags føremiddagene. Dei vilde slå av ein prat. Då hadde gjerne besto nokre småkaker og litt vin å by på. I gamle dagar lagde besten stikkelsbærvin eller eplevin. Dei hadde også kirsebærvin. Den var den aller finaste.

På vinteren no så bur det bare fem mennesker på Skorpo. Det er dei tre i Vågen og oss to her oppe. Det er Johannes og Sigrid, Nils og Judith i Vågen, og Ole Kristoffer. Søster hans som er sjukesyster kommer heim av og til i helgane. Ho heiter Annbjørg. Ja - vi er fem stykker om vinteren og fjorten om sommeren. Då synes vi det blir noe voldsomt med folk.

Mens Johannes var barn bodde det folk på seks plassar på Skorpo, i Persneset, i Vågen, i Steinaneset, i Langevåg og i Langballetunet. Seks tun. Dei var alltid samla til julefest. Alle saman kom.

Johannes forteller om sin far Kristoffer at han var eit arbeidsmenneske - han arbeidde både seint og tidleg. Det var det same med moren. Dei jobba ustanskeleg. Det var dei nødde til hvis dei skulle overleva. Far til Johannes hadde jobb borte på butikken hos Arnesen. Han sto der i fleire år. Han ekspederte båtane og. Det var no gjerne om natta dei kom. Han sat og venta på båtane. Han budde der borte heile vekene og kom heim kvar laurdag. Om dagen sto han på butikken og om natta var det båtane. Men han hadde ikke fast arbeid då.

-Så reiste han også ein tid med ein båt - sluppen - eller "Pinfanten" som dei kalte den. Det var Sigurd sin båt. Han var litt knipen med betalingen. Så sette dei eit utnavn på båten. Dei kalte den for "Pinfanten". Dei reiste i fraktfart. Rundt omkring på kysten. Til Haugesund.

-Sluppen var og heilt oppe i Trøndelag. Dei forteller at faren hadde treft nokre trønderkvinnfolk der oppe. Dei forsto han ikkje. Dei var heilt umuelig å forstå. Dei hadde spurt han etter ei oppvaskfille - "kopptu" - kalte dei det. Kopptuen - han hadde klødd seg i hove. Han kunne ikkje skjøna ka kopptuen var for noke.

Når far til Johannes var borte fra garden var "Bessen" der. Haktor. Då var han frisk og bra. Han reiste over og handla. Gjorde sånn forskjellig. Hogde ved og styrde med alt. Mor til Johannes - Kari - var i floren mest. Ho mjalka og Besto kokte. Dei greidde seg veldig fint om han far var mykje vekke. Besten og Besto var spreke då.

Kristoffer og Kari hadde ikkje overteke garden då. Det var Besten og Besto som dreiv garden. Han far hadde den inntekten med å reise på båten. Og å stå på butikken.

Kristoffer heldt på med dette arbeidet ganske lenge. Han heldt på heile krigen. Føre den tid hadde han og reist med den båten. Det var under krigen at han sto på forretningen. Og framover - det varde i fleire år. Han fekk tak i forskjellig - kvite rundstykker husker Johannes.

- Dette kom han far heim med og vi skar dei opp i små skiver og delte dei ut. Det var aldeles fantastisk. Eg huskar endå dei rundstykka. Dei smakte på ein heilt annan måte enn dei vi har no. Eg har aldri smakt slike rundstykke som dei han kom med då. Vi skar dei opp i skiver for at dei skulle bli drygare.

-Kristoffer døde i 1981. Det er no tjue år sidan. Kristoffer var ein ualminnelig snill mann. Han var noe av det snillaste du kunne tenkja deg. Og så var han så bli og triveleg. Alltid i godt humør. Han var frå Steinaneset. Når du står på kaien her nede så ser du rett over på Steinaneset.

-Det var då Besto døde at dei pakta garden på nytt. Det var far og mor til Johannes som dreiv garden. Dei hadde no drive i mange år. Men det var då det blei festa på nytt. Besto døydde i 1971.

-Då blei garden festa på nytt og det er den avtalen som nå gjeld. Her på garden har dei dreve på same måten no som tidligere. Dei har halde på med mjølk heilt til juli i år. Det var med smørlevering. Og no - 2001 - er dei nett slutta med mjølkeleveringa Johannes prøvde litt med det ifjor. Selde kalvane. Så tok han opp att mjølkinga for ein tid. Og det kan han gjera no og - hvis han vil.

Men det har no ikkje alltid vore like fint ver når dei skulle levere smøret. Det kan vere dagar som kan vere så sure og så blåsande og forferdelige. Dei må leve smøret annankver onsdag eller torsdag. Den eine veka er det onsdag og den neste er det torsdag.

Då er det å kjøra til sjøen med traktoren i ausande regn. Med treøskjer med smør. Dei er overbredde. Det er mykje styr med det. Dei leverer smøret på Sanden og så kjem det bil og hentar det vidare. Kvar mann leverar sjøl. Smøret er innpakka i papir og lagt i esker. Det er ikkje noke samling av smør her ute på Skorpo.

Det har alltid vært levering av smør på Skorpo - heilt frå gamal tid. Også i Besten sine dagar. Men då var det meieri i Uskedalen og då blei smøret levert der. No sel ikkje meieriet dette smøret som smør lengre. No går det til "kalvagodt" - mat for kalvane. Som fettstoff i foret til kalver.

Helst ville dei ikkje hatt smør i det heile tatt på meieriet og det blir vel mindre etter kvart. Det er vel like før at dei ikkje tar imot smør lengre. Før hadde butikkene et utall av smørsorter. Bondesmør - fjellsmør - fløtesmør - gardssmør - og meierismør.

No kan dei endå få kjøpt bondesmør borte på Sanden. Det er vel laga på meieriet no.

### DÅ STRAUMEN KOM.

Straumen kom ikkje til Skorpo før i 1957. Det var den 13. april 1957 - huskar Johannes. Før den tid var det oljelamper dei måtte lita på.

- Det å få elektrisitet til gards var ein stor forbetring. Det var svære greier. Då gjekk kjerninga av smør med elektrisk - og separeringa. Seinare fekk me mjølkemaskin. Det var så mykje som skjedde. Vi fekk utepære - så vi såg når vi gjekk ute om kvelden. Det blei då lyst utenfor husa. Før for vi med ei florslykt. Hvis det var storm og mykje vind så sløkte lykta. Så gjekk me og kava med ei lita lommelykt. Det er bare i knapt femti år at dei har hatt elektrisk lys på Skorpo.

### DÅ HESTEN KOM TIL GARDS.

Då Johannes var åtte år fekk dei hest på Skorpo. Hesten heitte "Pluggen". Det skulle vera i 1942. Pluggen blei hauggamal. Han var på Skorpo då Sigrid kom der. Han blei no noke halt. Der hadde visst vært hest tidligere på Skorpo. Det hang ein gamal hestesele borte i eldhuset. Johannes meiner at Pluggen blei tredve år gammal.

Før hesten si tid var det mykje slit på garden.

Johannes huskar at dei var til Fausk og kjøpte hesten. Det var svære greier. Det var inne hos onkelen til Kari - Hallvard Fausk. Hesten var fryktelig dyr. Han koste sju hundre kroner. Det var mykje penger. Dei snakka om det. Johannes hadde noke pengar som sto på ei bok. Så kom faren og spurde om han kunne få låna dei av Johannes. Det var to hundre kroner. Ja - det var heilt greitt det. Johannes var kjempeglad fordi dei skulle få hest på garden. Faren fekk låna to hundre kroner.

- Det blei store forandringer på garden etter at hesten var kommet. Det vart mykje å kjøpa. Han far kjøpte ny høyvogn og ny møkakjerre. Slåmaskin kom det og harv. Den harvo er her framleis. Han er nett lika god. Han står ute under Svinahella. Før hesten kom så måtte dei spa opp åkeren for hand. No kom det plog. No fekk me kjøra mjølet frå sjøen - seier Johannes. Før måtte me bera det på ryggen.

- No kunne me kjøra gjødsel ut på markene. Vi kjørde på snøføre med hesten på vinteren. Når det var fint snøføre så var det full fart nedetter vegen. Det var voldsomt kjekt. For både hest og mann. Opp igjen så hadde vi gjerne fire-fem sekker kunstgjødsel med fra sjøen. Det var tunge sekker den gangen - 75 kilo vog dei.

Endå var dei gått ned fra hundre kilo. Dei sekkene på 75 kilo tok Johannes på ryggen og gjekk med. - Eg tok sekken frå møkakjerra og bar han inn på løa. Eg hadde vel ikkje greid å stee under han idag. Eg hadde ikkje greid å bera han.

### JOHANNES FORTELLER. MED BESTEN PÅ FISKE.

Eg var mykje med besten og fiska. Eg huskar ein gong - eg syntes eg bar meg veldig dumt åt då. Vi hadde vore nede med Holmen og var inne med Mjømmasund og trekte garn. Vi hadde fått veldig mykje fisk. Det var svære greier og eg rodde. Besten heldt på å greidde ut med fisken. Det var kome ein stor krabbe på garnet som han heldt på med.

- Eg preika og rodde og plutselig rodde eg beint opp på ei flu inne med Holmen. Besten gjekk hovestupa og rett i garna. - Å gubevaremeg - sa han -. korleis er det du ror gutongje. Båten sto høgt på landet. Og eg syntes - at bevaremeg kor tosje eg bar meg åt. Eg huskar det enno. Men det gjekk no bra med besten.

Og båten gjekk det bra med. Det var ein slakk flu utanfor Holmen. Når det er stor fjøre så kan du ro opp på henne. Vi kom oss laus - det var ingen problem.

- Ein annan gang hadde vi fått ein voldsom stor breiflabb. Dei er det føle tenner på. Dei ligg der og gapar. Så hadde vi eit veldig godt ausefat av tre. Eit tynt fint eit som han far hadde hola utor. Lenge før plasten sin tid.

-Så tek eg ausefatet og stikke bort i kjeften på denne her breiflabben - han såg ut som han var dau. Og der glefste han te - og beit av halve ausefatet. Men då skjente besten. Du bere deg so toskje åt du at det er heilt ufatteleg. Der øydela du det gode ausefatet. Og då angra eg forferdeleg. Eg lærte godt av det der.

- Kåre heldt ein gong på å stikke neven ned i sjøen og taka ein breiflabb i kjeften. Fiskjen låg heilt laus i garnet. Så var han redd han skulle møssa han. Han hadde ikkje klepp. Men han ga seg på det. Det var ein mann ein gong som skulle taka ein breiflabb i kjeften - og då ble han skamfaren så fryktelig at han måtte sy mange sting. Så gjekk det betennelse i neven - han var heilt oppreven. Men Kåre møste breiflabben. Det var gjerne like bra.

#### OM VÆR OG VIND PÅ SJØEN.

- Eg har motorbåt no - sier Johannes - men eg har vært mykje med og rodd. Eg rodde når eg var med besten. Han rodde alltid - han hadde ikkje motorbåt. Eg huskar ein gong vi var over og skulle henta nokon. Det var ein fin sommardag - det var heilt stille og fint når vi rodde. Det var ei Margit inne i Persneset som vi skulle hente. Bussen ho kom med var sein og det tjukna voldsomt til.

Besten seie det at vi kjeme til å få ei fele vestavindsbye på oss. Så kom ho dama og vi la utpå. Vi var kome midtsunds så braut det laus veit du. Og det veret - det var regn so ikkje var sant. Vi var heilt klissblaute alle samman og det bles. Eg huskar Margit og besten dei rodde - eg var so liten at eg sat bak i baksuten. Aldeles gjennomvåt. Eg såg ut so ei drukna katte. Då vi kom heim kom dei springande til sjøen med klede som vi skulle ha øve oss. Vi var så våte at vi kunne vri tøyet.

#### OM ANNE SOFIE.

- Anne Sofie ble fødd her - eg huskar godt den morgenon ho blei fødd. Det var tidleg på morgenon i juli måned. Så kom mor mi inn og seier at no er det kome ei lita gjente borte i buo. Dette var veldig spennende. Eg var sju år og hadde ikkje syskjen. Då vi kom inn her så sat jordamora der framføre ovnen og vaska på dette vidunderverket. Eg må sei at eg syns at ho var vel stygg. Det var mest som ein liten ape. Olafen og eg - vi gjekk ut og sette oss under ein stikkelsbærbusk og åt på umodne stikkelsbær.

-Det hadde vi ikkje lov til, men då var alle så opptekne med denne nya som var komen at det var ingjen som brydde seg om oss. Der sat vi og åt på stikkelsbær. Tenkte på detta styggje som var komen.

-Men ho blei no så fin då etter kvart. Vi blei aldeles betekne av ho. Eg syns det var så kjekt å passe henne. Ho låg i ei lita korg. Og denne korga sto i ein krakk - ho var laus. Dei sette korga berre ned i krakk. Sånn sat vi og rugga på henne. Ein kveld så skulle Ingeborg bort og henta noe borte på kjøkenet. Dei kokte der borte. Eg sat på sengja og korga sto framføre. Sat eg og rugga og rugga. Sette eg krakken opp på to bein. Plutselig så glei beina under henne - og korga datt i golvet.

Og ungen trilla fint ut - ho var heilt innreiva - ho trilla på golvet. Eg veit ikkje om ho gjorde det - men eg ser for meg at ho trilla heilt bort under sengja. Eg blei aldeles støkka - veit du. Eg gripe denne vetele rullen - ho vakna ikkje ein gong ho.

Eg la henne opp i korga og så seie eg til Olafen - dette må du aldri seie til nogen. For ellers så får vi ikkje passe henne meir. Og han sto der heilt alvorlig og nikka med hovudet. Eg ser han for meg enno - ein liten kar.

Vi hadde ein hemmelegheit saman i mange - mange år. No syns Anne Sofie det er like kjekt kvar gang eg fortel historien.

Anne Sofie har no ikkje tatt skade av denne hendelsen. Det har alltid vore eit godt forhold mellom Johannes og Anne Sofie. Johannes passa henne veldig mykje når ho var liten - ho hang etter han støtt.

- Når vi var ute og skreilte oss på kjelke så sat ho på ei gamal krubba - som vi kalte den. Vi guitar hadde fått fine kjelkar - vi kjørde forbi ho. Martin hadde lagd ein til Olafen. Og far min hadde lagd ein til meg. Desse gjekk så flott. Denne gamle krubbo - den var ein isamanspikra kasse nærmest. Den hadde ho. Ho kom ikkje så langt. Og så kjørde vi opp på sida til ho og greip tak i henne. Vi skulle redde henne som sat der. Vi hadde det så kjekt at.

Vi gjekk i treskor. Ho var ei meister i å tulla vekk treskorna sine. Og så kom ho skrikande inn - " kor e' tiskene mine - kor e' tiskene mine". Vi for ut. Ho kalte dei for tiskene. Ho hadde ei lita blå kjeledress - huskar eg. Det var ei med ei lita hette på. Og så hadde ho treskor. Dei sprang ho snart utor.

Johannes forteller at han lærde av besto det å lage båter av papir. Ho bretta båter. Ho kunde det ho. Dei laga papirbåter før. Dei gjorde dette når det var kveld og dei hadde tid til å leika seg.

#### OM SKULEN.

- Vi hadde eige skulehus her ute på Skorpo. Vi hadde ein god lærar - det var Ljosnes-Ola og han lærte oss ein masse. Han kom på båt frå Ljosnes. Tenk på det - i all slags ver i åpen båt. Han kom innante Ljosnes. Det er dobbelt så langt frå Ljosnes som frå her og over til Uskedalen. Ja - han hadde ein liten motorbåt. Det var ein tre hestar Solo i han. Ein liten bensinmotor. Det var eit godt gammalt merke. Han kom med båt kvar dag i all slags vær.

- Han hadde sonen Bård med seg. Bård var to år yngre enn Johannes og gjekk på skulen her på Skorpo. Han hadde laga til ein kasse som han Bård sat i. Kassen var fora.

- Bård sat i kassen sin og vi andre misunte han nesten fordi han fekk sitja inne i den fine kassen. Det var veldig spennende. Det var eit lite sete inne i kassen. Det var så koseleg inne i den kassen syntes vi - der skulle vi ha likt å vore.

- Vi gjekk på skulen kvar dag i fjorten dagar - også om laurdagen. Deretter reiste læraren inn til Mauranger og var lærar der i fjorten dager. Då hadde me fri og skulle sitte heime og lese.

Om vinteren så hende det at det fraus der inne. Dermed så fraus læraren fast og kunne ikkje koma ut. Då kom gamle Oscar opp med den gode telefonbeskjed at no var læreren innefrosen. Og vi hoppande glade veit du - dette var kjempegreier. Vi ynskte at isen aldri skulle forsvinne i Mauranger. Men isen forsvann og læraren kom att og då blei det gjerne tre veker at vi fekk skule her. Så vi fekk det igjen. Då blei det lengre i ett. Men av den Ljosnes-Ola lærte vi mykje.

Det var også Ljosnes-Ola som skulte på Skorpo mens Astrid si mor Guro gjekk på skule. Han var ung den gangen. Han og Guro var vel tremenninger. Guro likte veldig godt Ljosnes-Ola.

Ho har snakka om det. Det var nok ein gamal flamme til Guro - men det har ho ikkje fortalt til Astrid. Guro og Agnes - dei var begge begeistret for Ljosnes-Ola. Agnes var søster til Kristoffer.

Når Guro gjekk innover og ville høyra på trekspelmusikken hans - då var ikkje ho gamle Skorpebesto noe begeistra. Då sette ho i.

"Nei - sete no det stygge beistet innpå Huldehaugen med lokketonane sine att." Mor mi erta Guro for dette her at ho gjekk inn der.

Det var vel gjerne litt syndig med trekspel. Det var gjerne derfor besto var galen på han Ljosnes-Ola - for at han spelte slike danselåtar. Og det syns ho ikkje noe om.

- Nei - det er ein annan derinne - han har både nytt hus og ny løa - hadde ho sagt. Det var Steinanes - Johannes som ho vilde at Guro skulde snakke med. Ja.

#### UNGDOMSTIDEN.

Det var så mange gutar der inne i Steinaneset - og her var så mange jenter. Så nattestid så var det slik at dei møttes.

Kari fortalte ein gong til Sigrid om at dei unge skulle på fjellet. Så skulle Martin og Kristoffer koma med båt til bryggja. Ingeborg og Kari og dessa laga te noe dei skulle ha med. Det var Mikal og Martin dei skulle ha med seg på fjellet. Det var visst endå fleire. Helga, Ingeborg og mor til Johannes. Det var fleire jenter.

- Det sto ei kiste her som dei sende bærskuffer i - det gjekk fleire bærskuffer oppi den kista. Vi har den enno borte i mjølhuset. Då sto den på sjøhuset for den sende dei bær i til byen. No var den kome tilbake igjen. Dei hadde snakka om det at dei skulle ta så lite med som råd var for at dei ikkje skulle bera so tungt til fjells.

Desse gutane kom frå Steinaneset. Dei rodde og kom her og skulle ta jentene med. Så skulle dei ro bort til Rød og leggja båten der og gå til fjells derifrå. Det var på Rødsfjellet dei skulle. Dei skulle opp i hytta til Ungdomslaget deroppe og vere der med helga. Så var det mor mi då - ho Kari - som kom på dette med at no skal vi ta denne kofferten - dei kalte bærkassen for kofferten - og bera ut på kaien og stå der med den.

Så hadde dei no mange posar og sekkjer med seg. Og så sto dei med den kofferten imellom seg ute på kaikanten. Men du skulle ha sett ansiktet på dei gutane når dei såg den kista. Då trudde dei at dei skulle slepa kista med til fjells. Det blei både lett og løye - men så blei det no avklart. Dei såg heilt fortvila ut. Det var Kari som fant på dette fantestykket.

Dei måtte finne på noe sjøl - det var ikkje så mange andre å lita på. Det var godt for dei unge å vera saman. Her var Ungdomslag og dei hadde ei hytte oppe på Rødsfjellet. Dei har hytta endå og no er den mykje utbygd. Johannes har vært oppe i hytta.

- Vi var på skuletur og då var vi med Ljosnes-Ola. Vi var på Rødsfjellet og var oppi hytta der. Det var mange festar i den tida eg var ung. Det var fest nesten kvar fjortende dag. Med morokveldar og tilstelninger i Ungdomslaget borte i Uskedalen.

Johannes meiner at det no for tida er nesten ingen ting i Ungdomshuset. Det er vanskelig å få ein til å vera formann og det er vanskelig å få folk med i ungdomslagsarbeid.

Det var like etter nitten femti det var mest aktivt - i femti - og seksti åra. Det sto sterkt då og vi hadde det veldig kjekt. Vi kalte det for morokveldar. Det var "jubelgutta" som spelte. Ungdomshuset står endå - men det er ikkje så mykje brukt no som den gangen.

Det var pilkasting i kjelleren med konkurranse om å vera best. Så var det skyting med luftgevær. Johannes vann fleire premier der. - Eg var svær til å kasta pil og fekk tre førstepremiar. Eg har også vært bra skyttar - kan ikkje klaga på det.

Johannes sparte kver ein krone hvis han fekk pengar av noken eller tjente litt. Det var ikkje snakk om å kjøpe for pengene. Det var alltid å leggje dei på sparebøssa.

- Tjente eg noe på å selja ein aure så gjekk det på sparebørsa. Det var ikkje snakk om å kjøpa meg noe slag. Eg kjøpte meg aldri noe slag - ikkje tale om. Eg huskar då eg gjekk for presten - då huskar eg at dei andre gjekk og kjøpte seg is, men neidå - ikkje tale om. Eg gjekk ikkje og kjøpte meg is - eg skulle ikkje leggja ut pengar på det. - Eg var kome i det militære før eg kjøpte meg is.

Olaf flyttet til Uskedalen det året han var tolv år. Johannes arbeidet på garden. Olaf blei veldig sakna då han for. -Vi var nett som to verahorn - vi var saman støtt. Nett som søskjen. Vi var doble søskeneborn. Så det at Olafen flytta - det syns eg var veldig trasig. Men så var han mykje her borte og eg var mykje borte på Klauvaneset. Det var nesten kvar søndag det så tok eg båten og reiste bort til han.

Så hadde vi syklar der borte i kjellaren. Eg hadde kjøpt meg sykkel. Eg hadde spart til sykkel av aurepengane - for auren som eg hadde solgt. Vi sykla på turar.

Johannes blei gåande mykje aleine mens Olaf fikk nye folk omkring seg. Kåre var inne i Steinaneset. Olaf og Johannes leika ilag og var mykje saman. Dei laga seg pil og boge og gjekk på jakt og skaut. - Eg huskar eg skaut ein kjøtmeis med pil og boge ein gong - og det var veldig flott. Eg greide å ta livet av han. Eg har endå til skote dompapp med pil og boge. Eg har jakta frå eg var gutonge. Eg sette opp feller. Eg har skote mange revar framigjennom.

#### KONFIRMASJON.

Johannes fekk ny dress til konfirmasjonen. Det var skredderen her borte i Uskedalen som sydde dressen. Eg hadde skreddersydd dress til konfirmasjonen. Førebuing hadde dei borte i Uskedalen i kyrkja. Vi ble spurt til konfirmasjonen - men vi blei ikkje stilt i rekkefølge etter kor flinke vi var. Vi blei stilt opp etter størrelsen. Eg var vel ikkje den flinkaste men eg var den høgaste så eg fekk gå fremst. Men eg var veldig heldig og svarte rett på første spørsmålet.

Vi reiste over til Uskedalen ein gang i veka til førebuing. Konfirmasjonen var om hausten. Det var den tredje oktober 1949. Til middag den dagen hadde vi fårekjøt. Eg trur det var fårikål.

-Eg fekk gåver. Eg huskar eg fekk tredve kroner av Besten og Besto. Det fekk eg hjå Haugebesten og Haugebesto og. Det syns eg var veldig svære greier. Dei sparte eg. Eg reiste ikkje til Syden for dei. Så fekk eg to sett med barberhøvel og barberkost. Skjegget skulle takast.

-Eg fekk seksti kroner i penger - det var mykje penger då. Det var i nitten niogførti. . Vi hadde besøk med fine blautkaker. Det gledde eg meg voldsomt til. Eg gjekk og såg på dei flotte kakene.

-Men det var et forferdelig vær. Det var berre eg og far min og mor mi som kunne reise over. Dei andre gjestane - Andreas og Alfhild var her - eg kan ikkje huska alle dei andre som var her - men dei var heime. Dei kunne ikkje vera med over i båten. Det var eit fela vær med stiv kuling og auseregn.

- Det var så voldsomt regn at dei hadde problem fordi elva gjekk så høg. Dei var redd brua kom til å bryta saman. Været var heilt ekstremt. Dette var i oktober niogførti. Det var den gamle bruа i Uskedalen.

-Det var to jenter ifrå Holmen som gjekk for presten då. Dei måtte ta klær med seg og byte på Sanden. Der tok dei på seg konfirmasjonsklærne. I det gamle Sandahuset. Så sprang dei bort i kyrkja. Så gale var det.

-Eg var då ferdig med folkeskolen og fortsatte å arbeide her på Skorpo. Det varde fire-fem år. Til dess eg reiste i militæret. Etter militæret fortsatte eg her heime og arbeidde litt her - og litt på slaktehuset. Då var eg blitt tjue år.

#### SIGRID.

-Så møtte eg Sigrid. Sigrid Jacopsen frå Norheimsund. Det blei ein svære historie. Når først eg sette i sving så -- Eg besøkte henne der inne i Norheimsund. Så kom det litt etter litt. Det utvikla seg. Vi skrev til kvarandre og - ei heil tid. Det kunne ikkje bli til at vi møttes så ofte. Vi var på Kvamskogen oppe i hytta hennes. Ho hadde hytte ho - veit du. Ho var vel situert.

Etterkvart blei det svære utgifter med hytta. Det blei bruavgift og vegavgift og bossavgift. Vi selde den hytta og kjøpte oss hytte på Midtøya her ute. No kan vi fiska når vi er der ute - og sette garn. Det er mykje kjekkare.

Sigrid viser bilder av hytta dei har fått seg. Og bilde av ein liten båt.

Det er fint å vera på hytta. Sigrid kan sitja på altanen og sjå når Johannes ligg og fiskar.

#### OM JAKT.

Det står ein utstoppet rev på skapet i stuen. Johannes forteller.

- Det var ein rev som låg og sov på ein stein ute i marka. Eg skulle henta kyrne heim om kvelden - ein fin sommarkveld. Eg var litt sein den kvelden for eg hadde skyssa ei jente - Tine - til Herøysund. Så gjekk eg nedover til Holmasletto. Der såg eg ein rev som låg og sov på ein stein. Ja - så rusla eg heim etter haglo. Eg tenkte at reven sov så godt at han sov til eg er tilbake.

- Kjem du heim - sa Sigrid - fann du ikkje kyrne. Jau - sa eg - kyrne dei er på Holmasletto dei, men det ligg ein rev der ute og sove. Eg skal ut og skyte han. Så fann eg fram patroner og haglo. Ja du trur no vel ikkje at reven ligg der ute og sove til du kjeme att - sa Sigrid.

- Så gjekk eg ut att . Jau - reven hadde snudd litt på seg. Han hadde snudd seg den andre vegen men han sov endå. Eg gjekk på passeleg avstand så eg ikkje skulle skyta han for sund. Eg tok sikte og så datt han fint ned av steinen. Han vakna aldri. Han sov seg inn i døden.

- Så fann eg ut at han var så fin at eg skulle få han stoppa ut. Han var passeleg storrelse. Det var ein unge. Det var veldig fin pels på han. Eg er glad for det at eg stoppa han ut - seier Johannes.

Året etter kom eg ut på same plassen og jamen så låg der ein rev og sov. Ikkje på same steinen men i nærleiken. Men han vakna han. Eg var kome litt for tett innpå han.

- Men hadde eg hatt haglo då så hadde eg hatt ein te. Det er skotpremie på rev - 250 kroner. Johannes har skote fleire dyr framigjennom.

- Eit år hadde eg fire revar. For eit par år sidan. Ifor skaut eg to. I år har eg teke ein. Her er nok ein stamme av rev her ute.

Johannes har og ein historie om då han tok dyr i saks.

- Det var i mai måned dette hende. Det var ein kveld eg sat her og såg på fjernsyn. Eg hadde nett laga te hønsagjerdet nere då. Og slept hønsene ut.

For dei er inne om vinteren. Så hadde eg reparert gjerdet. Så spør Sigrid - har du vore og lukka for hønsene. Nei - sa eg - det er så godt gjerde no at det er ikkje så farleg.

Ja - sa Sigrid - måren kan koma og ta hønsene. - Nei - eg trur ikkje det - sa Johannes. - Så sat eg og såg ferdig filmen. Men då gjekk eg ut. Skulle ner og lukka dei inne for natta. Og då var det full massakre. To mårar og ein rev gjekk amok. Reven storma av gårde med den store hanen min - vi såg aldri den igjen. To høner låg med føtene i været ved gjerdet.

Ein hønekylling og ein liten hane var borte. Hønene sat oppe i bjørketoppene og i kirsebærtreet sat det noken. I plommetreet sat det to små hanar og kakla.

Dei var blitt redde og hadde føke høgt opp. Så plukka eg inn alt som eg fann utav høner og fekk stengt igjen. Så gjekk eg og såg etter dei som var forsvunne. Eg fann ein liten hane som låg halveten utanfor gjerdet.

Då gjekk eg etter revesaksa som eg har. Eg sette den opp om kvelden og la hanen til agn. Neste morgen var eg veldig tidlig oppe. Eg hadde ikkje funne alle hønene. Men då var dei komne fram for dei hadde gått og gjøymt seg. Dei var redde.

Så fekk eg alle hønene inn og fekk stengt igjen etter dei. Så gjekk eg bort og skulle sjå på saksa. Der låg mårkatten i saksa og det var godt. Så sette eg saksa opp igjen. Og neste morgen då låg reven der. På same agnet. Endå ein gong sette eg opp saksa. Tredje morgen då låg ein mår i saksa. Då hadde eg fått heile gjengen - to mårkattar og ein rev. Men då hadde eg mist fire høner og to hanar.

Ifor mistet Johannes femten høner. Nesten alle hønene sine. Det var og måren. Då hadde han bare tre høner igjen.

- Måren kom tilbake dagen etter og skulle ta dei tre som eg hadde att då. Men så sprang han inn i vedahuset her borte i skykkja. Det var det siste han gjorde. Då sat han oppe på eldhuslemmen.

Han sat oppe på ein fjøl der. Og eg inn etter haglo - tok sikte og skaut. Eg skaut eit svært hol i fjølen så mårkatten kom ramlande ned. Eg skaut hol i taket og. Det var no det verste.

Ja - det var no ikkje så stort hol då. Mårkatten er blodtörstig - han er den styggaste av alle. Han kjem seg inn fordi at han klatrar. Han klatrar opp etter veggger. Reven er ikkje så flink. Han må ha open dør helst. Måren klatrar alle stader. Du kan ikkje berga deg for den.

Måren hadde kome seg inn og skremt hønene ut. Og så sto reven der utanfor og tok dei. Han var med på notane. Dei hadde nok gjort dette før. Dei samarbeider. Så fauk hanen over gjerdet han og dermed så fata reven tak i han og for med han - for stormande nedigjennom. Høyrd berre skrikinga av hanen.

Hunden Max ligger og hører på oss. - Han Max har no berget ei høne ein gong frå reven. Johannes forteller.

- Eg hadde ei kluks høns som låg her borte. Ho låg oppe på låven. Ho hadde reir der og så hadde eg egg oppunder henne. Så - tidleg på morgonen så hadde høna gått ut. Så høyrdie eg skrikinga utanfor. Der var reven og tok høna. Eg seier det til Sigrid. Eg storma ut og slepte hunden ut med det same. Reven han var på fullt sprang nedover med høna i kjeften. Og hunden etter. Som eit skudd.

-Då laut reven sleppa høna. Og høna kom flaksande opp igjennom marken så fjøra fauk. Hunden redda høna han. Så Max han berga høna. Han skulle hatt medalje. Høna ho kom seg så te at ho gjekk opp og la seg på eggja igjen ho og fekk ruga ut kyllingane. Det var flott gjort.

-Og så har hunden drepe ein mink som var i hønsahuset. Minken hadde teke ei høne. Dagen etter var Maxen med meg ned og skulle gje dei mat. Då for han som eit lyn inn i det gamle hønsahuset.

-Det er eit lite hønsahus eg ikkje har høner i. Og ut kjeme han med minken i kjeften. Han rista minken. og hivde han opp i lufta. Minken var stein dau. Han må ha tatt den over nakken og rista han sund. Men så vilde han ikkje gje meg minken. Eg sa - no må eg få minken. Men nei. Då får vi gå heim og sjå om vi får noke kjeks i byte for minken. Han bar minken opp og la han her ute på troppa.

-Så ropte eg på Sigrid at no må du koma med kjeks. Og så bytte vi. Då var det heilt i orden - eg fekk minken. Maxen er god - eg har hatt han i ti år. Hundar kan vel bli fjorten år - men då tek dei til å krusnast.

-Ein gong var han med meg på revejakt. Då skaut vi ein rev. Han tok spor etter reven nerigjennom her. Så stoppa han og sto heilt anspent. Då skjønte eg at no var reven der. Reven titta fram så eg fekk skyta han. Då var hunden stolt. Men så er han litt redd og når eg skyt. Han liker ikkje det. Han er litt skotredd altså. Han likar ikkje så veldig godt når eg kjem med geværet.

Det er ingen hjorteløyver på garden Skorpo. Men det er mykje hjort. Det er visst to løyver på øya Skorpo. Det er ein engelskmann som skyt hjort her. Han har budd i Norge i mange år.

#### OM TIDEN I MILLITÆRET.

Johannes forteller fra sin tid i millitære. Han var oppe i Steinkjær. Der hadde han kjøkkentjeneste.

- Eg hadde faste dagar på kjøkenet. Vi var utkommanderte til å ta kjøkkenetjeneste. Der hadde dei ein kvinneleg kjøkensjef. Men eg forsto null altså. Ingenting forsto eg av det ho sa. Og ho preika fælt.

- Eg rørde i gryta. Eg gjorde det på måfå. Ho trudde vel eg var idiot - naturlegvis. Eg forsto absolutt ingenting av det ho sa. Eg sto og rørde i ein voldsom kjele med fiskepudding. Det var fiskepudding i kvit saus.

#### OM KRIGEN 1940-45.

Johannes huskar lite til korleis det var ute på Skorpo under siste krigen - 1940 - 1945. Han var ikkje så gammal då. Men han huskar at det var krigshandlingar nede i Sundet. Den morgonen huskar han.

- Dei hadde ein voldsom krig her - dei skaut og herja. Dei påsto at det var fire tyskarar som blei skotne og gjekk overbord frå ein båt der nede på Dalen.

-Det var ikkje nogen norske som fall. Det var heilt i begynnelsen av krigen. Den kanonen som står borte på Sanden - det står ei utstilt der - den var med i kriga. Det var ein mitraljøsekanon som var montert på ein lastebil. Den stod på kaien der som ho no står. Dei skaut frå lasteplanet Men dei måtte trekke seg tilbake. Tyskarane kom opp og tok kanonen og slengte den på sjøen. Kanonen blei funnen att då dei lagde båthavn. No er den restaurert og sett opp.

- Eg huskar at Besten hadde gått bort på haugen og ville sjå på dette her. Då plutselig så ylte kulene om øyro på han. Han hadde krøpe bortover til bjørka. Då var det kuler eller splintar som kom og trefte i bjørka.

-Han hørde kor det slo inn i bjørka. Det fekk eg merka når eg no nyleg skulle saga bjørka . Eg øydela to sageblad på den. Men då ga eg opp. Han ligg der enno. Det var ein gamal sagkjede eg sagde med og då sagde eg i ein stålkule. Så sette eg på ei ny kjede. Men då skar eg inn i nokre splintar. Stålsplintar. Då ga eg meg på heile saginga.

-Bjørka ligg der den dag i dag og rotnar vekk. Ho var full i kuler. Det var etter at dei låg i Sundet og skaut både norske og tyske. Det var nok heilt i byrjinga av krigen.

-Det var ein som hadde fiska med line her nede seinare. Han fekk ein tyskar på lina hadde han sagt. Då han drog opp så hadde han sett i uniformen. Men han hadde kappa lina og lete han gå til bunns. Så der ligg ein tyskar på havets bunn.

Johannes huskar at han låg heime i kammerset i sengja.

- Eg hørde skytinga - eg hørde kor dei dundra og skaut. Tidleg på morgenon sto han opp og då var det fullt av folk inne i stova. Det var kome opp fleire soldatar - norske soldatar. Alfhild heldt på å forbatt på ein for armen hans var flerra opp - han hadde fått ein splint i armen. Dette huskar eg for det gjorde eit fælt inntrykk på meg.

-Det var om å gjera for soldatane å koma seg vekk. Dei hadde gjøymt geværane sine her ute. Dei fann vi seinare og leverte dei inn. Så fekk dei låna nokre gamle trøyar. Dei var tre stykker - nei fire var dei som skulle over fjorden. og koma seg vekk ifrå tyskarane. Dei fekk låna besten sin båt og blei utstyrt med nokre gamle trøyar og nokre fiskesnører. Dei kledde seg om til fiskarar og rodde over fjorden. Båten vart funnen og vi fekk den igjen - den låg fortøyd borte i Vikane. Dei hadde kome seg vel fram så langt.

-Besten var og henta den seinare. Han fekk nok ein beskjed. Noken soldater lånte båt hos Eidsvike - Larsen. Men tyskarane tok dei borte i fjorden. Koss det gjekk med dei det veit eg ikkje. Larsen fekk visst aldri båten igjen - den gjekkapt.

#### OM LIVET PÅ SJØEN.

Johannes forteller om folk som er kommet bort på sjøen opp gjennem årene.  
-Eg huskar ein som eg kjøpte spekesild av ein gong. Han skulle kjøpa seg ny båt . Men han forsvann på sjøen og blei aldri meir spurd. Han forsvann. Men han var blitt advart av ein gamal mann inne i Nordrepollen. - Du må ikkje tenkja på å taka ut i dette været. Austavinden kan bli temmeleg grov ut fjorden - hadde han sagt.

Det bles ein forferdeleg kuling. Jau då - han skulle segla han. Han hadde det med det at han batt seg fast i båten. Men han hadde lasta båten med bly i botnen. For han skulle stabilisera båten.

-Og han segla utigjennom. Så kom han utover med Sild - den vetle øya ute ved Varaldsøy. Dei trudde at det var der han hadde kollsegla. Båten gjekk som ein ile til botnar. Mannen følgde med - han var bunden fast til båten.

#### OM TROLLSKAP I ØRDALEN.

Johannes forteller om ein mann - Ørdalen - når han tok trollet.

- Han hadde laga seg ei svær klubbe som han skulle ha til å slå ihel trollet med hvis det skulle koma. Dette hende ei natt medan han og kona låg ogsov. Det var mørkt og svart - midt på vinteren - nett føre jul dette her. Då blei det eit fælt rabalder nede i kjelleren. Han hadde kua si der men det tenkte han ikkje på då. Han trudde faktisk at no var det trollet som var kome.

- Han tok klubba og gjekk ut og opna døra til kjellaren. Imot han valt det noko sleipt og forferdelig . Han klabba til med klubba og sprang opp att etter kona og sa at - no - no har eg slege ihel trollet. Eg trefte han midt i skallen.

- Å - trøste meg sa ho - du har no vel ikkje slege ihel kalven. Jamen - har kua floge då - seie han. Han visste ikkje om at kua skulle kalva - og han turde ikkje gå ner att og sjå etter. Og ikkje turde ho å gå ned.

Om morgonen då dei kom ned så låg kalven der stiv og dau - midt på golvet. Då hadde han slege i hel kalven. Han måtte ha veldig lite vet den mannen - seier Sigrid. Han hadde ikkje følgt godt med. Det var kona som styrde med det meste. Og ho visste at kua skulle kalva på dei tider. Men ho hadde ikkje fortalt mannen om det.

Muren etter huset står - du kan sjå den enno. Den er heilt fin .

-----00000-----

SLEKTSTAVLE.

---

OLAV J OMVIK 1709-1789	HALLSTEIN MYKLEBUST 1693-1775	GUTORM	KNUT S. DØSSLAND 1704-
------------------------------	-------------------------------------	--------	------------------------------

G.M. ANNA N. SKORPO 1707-1777	G.M. MARTHA M. DØNHAUG 1697-1773	UKJENT KONE	G.M ÅGOT V. HÅVIK 1702-
--	---	----------------	----------------------------------

---

NILS O. SKORPO 1741-1812.	MARTHA H. MYKLEBUST 1742-1826	HAKTOR G. MYKLEBUST 1734-1804	SIGRID K. EIK
---------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------------	------------------

---

OLAV NILSSON SKORPO 1775-1859	ANNA H. EIK 1776-1849
----------------------------------	--------------------------

---

HAKTOR O. SKORPO 1804-1883

G.M. ALIS LARSDTR. JOSNES 1902-79.

---

LARS SKORPEN 1835-86

G.M. GURO PEDERSDTR. ØYE 1844-1927

---

HAKTOR L. SKORPEN 1871 - 1958

G.M. ANNA J. FAUSK 1884 - 1971

---

KARI SKORPEN 1908 - 1996

G.M. KRISTOFFER M. HAUGE 1905 - 1981

---

JOHANNES HAUGE 1934 -  
G.M. SIGRID JAKOPSEN 1936 -

---


DEN GAMLE STOVA  
PÅ SKORPO.



JOHANNES - KARI

JONNY - ASTRID

1983



BESTO - ANNA - I STOVA SI. 1971.



BESTEN - HAKTOR - I "STORESTOLEN". 1958.



KARI - "KARIO".

HER MED KARI MEHL OG JOHANNES MEHL.

## ANDERS HAVNELID. KVINNHERAD. GARDS- OG ÆTTESOGA. BAND 3.

## SKORPO GNR. 132.

Gardsnamnet er det same som namnet på øya. Skorpo er eit heller vanleg øynamn, og namnet er ei avleiring av ordet skarv, som tyder berg. Namnet er av same rot som ordet skarp, som vi t.d. har i brødkorpe. Skrivemåten Skorpen er ei form som skrivarane nyttar, fordi det høvde betre med den dansk-norske språkforma som dei førte i pennen.

Det er ikkje gjort oldfunn på Skorpo. Det kan tyda at det ikkje var fastbuande folk her før i historisk tid, t.d. omkring år 1000. Men vi kan vel kjenna oss rimeleg trygge på at bufaste folk på den eine eller andre sida av fjorden var på egg- og skjelsanking på Skorpe-øyane, som det den gongen var. Det grunne sundet, no Eidet, Skjeljavikjo, var nok rike og kjende fiske- og sankegrunnar alt for steinalderfolk.

Så la sørvesten og sørausten etter kvart att sundet med haugar av skjel og sand, og Skorpo var kanskje i nokre hundre år heim og utkome for ein eller annan arm strandbu som sanka og hausta og livde seg for veret under ein heller. Ein gong omkring år 1000 har det truleg vorte rydja gard på Skorpo. Det var rift om jorda her heime, for folketalet auka, og det var grensar for kor mykje jord som kunne vinnast inn ved garddeling og dyrking ut frå dei eldre namnegardane. Derfor såg dei seg om etter jord der ho var å finna. Dei som bygde den første garden på Skorpo, valde det indre landnåmet i staden for det blodige men lokkande landnåmet vest og aust over havet.

Sidan vi ikkje har funn frå desse første buande på Skorpo, kan vi berre tenkja oss kvar dei budde og korleis dei levde. Likevel er det vel tolleg visst at dei budde "oppe i Skorpo", som det framleis heiter. Her bygde dei høgt og fritt, her var stuttaste vegen etter skogen. Kva sosialt lag bonden i Skorpo høyrde til i middelaldersamfunet, får vi derimot ikkje vita. Men han var knapt nokon riking, og han lånte vel jorda av ein mektigare. Men vi må tru han kjende og sette pris på den fridommen som øybuen likevel vil kjenna i kvardagen. Det var ingen over han anna kvar gong han søkte andre eller andre søkte han. og sidan fjorden var imellom, vart det ikkje for ofte.

Det må ha vore varde på Skorpo, Vardhaug heiter ein kolle opp mot Skorpefjellet. Det er ikkje sjølve toppen på Skorpo, men han ligg likevel høgt nok til at det er fritt utsyn innover mot Øyeveten og utover mot Tysnes.

Det er sjølv sagt ikkje dermed prova at denne veten var ein del av den gamle vardevakta frå før år 1000, men det er freistande å tru det. I så fall ligg og provet for busetnad på Skorpo før år 1000 her.




FRA V. LARS - KARI - KRISTOFFER - INGEBORGB - MARTIN

ANNA (BESTO) - BJØRG .


FORAN FRA V. BENTE - HELGA MARIE.

KARI - INGEBORG

JOHANNES - ANNE SOFIE



JOHANNES UTE I TUNET.




JOHANNES ER KONFIRMANT.

KARI UTE I SNØEN.



FRA V. ANNE SOFIE  
KARI I BUNAD - INGEBORGB  
KRISTOFFER .  
FORAN HELGA MARIE I BUNAD



ANNA SKORPEN  
MED BARNEBARN HELGA MARIE  
OG OLDEBARN BENTE.



FRA V. LARS - ANNA  
OLAF - HAKTOR - INGEBORGB  
KARI - JOHANNES - GJERTRUD.  
FRA V. FORAN ARNHILD - ÅSE  
ANNE SOFIE .





DESSE FINE KARANE ER JOHANNES LITT USIKKER PÅ.  
- DET KAN VERA "TVEITA-SAMSON". KANSKJE ER DET BESTEN  
SOM SIT DER TIL VENSTRE. BARTEN MINNER OM BESTEN. HAN HAR FIN  
HUA PÅ SEG. DEI ANDRE KARANE ER UKJENDE. USKEDALINGAR HELST.  
EIN FIN GJENG MED STAUTE KARAR.

BESTEN HADDE ØL - DEI HADDE BRYGGA. SÅ ER NOK DESSE  
KARANE KOME PÅ BESØK. KANSKJE ER DET "UPPSKOKE". DEI SER  
LITT FLIRANDE UT. DET ER JO RIMELEG DÅ.

EN SOMMERDAG MED  
HESJER I DALEN.



KRISTOFFER OG KARI  
PÅ STØLEN.





"PLUGGEN" PÅ GODT BEITE.



HUSA PÅ SKORPO.





1. JOHANNES - KRISTOFFER.  
MARIT LIEN ER PÅ BESØK.  
2. JONNY - VED JETTEGRTEN.  
3. ANNA - KARI.

1. MARIT LIEN - JOHANNES  
SIGRID.  
2. KARI - KRISTOFFER - JONNY.  
3. JOHANNES PÅ HOLMASLETT.



JOHANNES - SIGRID - ASTRID - HUNDEN "MAX"

I TUNET - AUGUST 2001



DEN GAMLE LØEN PÅ SKORPO